

Utval: KIKS - Representantskapet
Møtestad: Dyreparken Hotell
Dato: 24.06.2020
Tid: 09.30

Forfall meldast til administrasjonen på e-post til: post@konsesjonskraft.no som syter for innkalling av varamenn.

Innkalling er sendt til:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Ljosland	MEDL	ÅSEKO
Jonny Liland	MEDL	SIRKO
Eivind Drivenes	MEDL	VEKOM
Gyro Heia	NESTL	BIKOM
Tone Lise Avdal	MEDL	BYKKOM
Lene Langemyr	MEDL	GRIKOM
Rakel Birkeli Søraker	MEDL	ÅMKOM
Arne Thomassen	MEDL	AFK
Sigbjørn Fossdal	MEDL	BYGKOM
Svein Arne Haugen	LEDER	EHKOM
Jan Kristensen	MEDL	LYKOM
Gro Anita Mykjåland	MEDL	IVKOM
Oddbjørn Kylland	MEDL	AFK
Even Tronstad Sagebakken	MEDL	LINKO
Robert Cornels Nordli	MEDL	ARKOM
Jan Sigbjørnsen	MEDL	FLEKO
Ove Gundersen	MEDL	FROKOM
Ole Magne Omdal	MEDL	KRIKO
Per Sverre Kvinlaug	MEDL	KVIKO
Steinar Kyrvestad	MEDL	VAKOM
Lars Terje Grostøl	MEDL	HÆGKO

Svein Arne Haugen
Leiar

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Saksnummer	Innhold
PS 1/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/20	Godkjenning av møteprotokoll frå representantskapet 06.12.19.
PS 3/20	Referatsaker
PS 4/20	Drøftingssaker
PS 5/20	Orienteringssaker
PS 6/20	Selskapsavtale 2020-2029
PS 7/20	Utbetaling og føring av etteroppgjer kraftgrunnlag Sira-Kvina 2000-2018
PS 8/20	Årsmelding og årsrekneskap 2019

PS 1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Møteprotokoll

KIKS - Representantskapet

Møtestad: Revsnes hotell

Dato: 06.12.2019

Tid: 13:00

Følgende politikere møtte:

Namn	Funksjon	Vara for
Gro Bråten	Medlem	
Bjørn Ropstad	Varamedlem	Arne Thomassen
Gyro Heia	Nestleder	
Olav Neset	Varamedlem	Sigbjørn Fossdal
Tone Lise Avdal	Medlem	
Finn Bjørn Rørvik	Varamedlem	Svein Arne Haugen
Jan Sigbjørnsen	Medlem	
Lene Langemyr	Medlem	
Lars Terje Grostøl	Medlem	
Ole Magne Omdal	Medlem	
Per Sverre Kvinlaug	Medlem	
Terje Møkjåland	Varamedlem	Gro Anita Mykjåland
Jon-Are Omland	Varamedlem	Jan Kristensen
Isak Liland	Varamedlem	Jonny Liland
Steinar Kyrvestad	Medlem	
Rakel Birkeli Søraker	Medlem	
Oddmund Ljosland	Medlem	
Eivind Drivenes	Varamedlem	Nils Olav Larsen

Frå administrasjonen og andre som møtte:

Namn	
Marie Johnnysdotter Pedersen	
Lena Kleven Flateland	Rådgjevar
Glenn Qvam Håkonsen	Dagleg leiar
Sveinung Skjevraak	Rådgjevar med ansvar for krafthandel

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Valle, 17.12.2019

Marie Johnnysdotter Pedersen
Utvalsesekretær

Godkjenning av møteprotokoll.

Saksnummer	Innhold
PS 6/19	Godkjenning av møteprotokoll frå representantskapet 13.06.2019
PS 7/19	Val av leiar og nestleiar i representantskapet for perioden 2019-2023
PS 8/19	Val av styre for perioden 2019-2023
PS 9/19	2 tertial 2019
PS 10/19	Budsjett 2020, økonomiplan 2021-2023 og utbetalingsprognose 2020

PS 6/19 Godkjenning av møteprotokoll frå representantskapet 13.06.2019

Saksprotokoll i KIKS - Representantskapet - 06.12.2019

Ingen merknader til møteprotokoll.

Vedtak:

Møteprotokollen blei samrøystes vedtatt.

PS 7/19 Val av leiar og nestleiar i representantskapet for perioden 2019-2023

Saksprotokoll i KIKS - Representantskapet - 06.12.2019

Valnemnda si tilråding:

Leiar representantskapet Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune
Nestleiar i representantskapet Gyro Heia, Birkeland kommune.

Samrøystes vedteke.

Gyro Heia leia møte vidare frå sak 8/19.

Vedtak:

Leiar representantskapet Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune
Nestleiar i representantskapet Gyro Heia, Birkeland kommune.

PS 8/19 Val av styre for perioden 2019-2023

Saksprotokoll i KIKS - Representantskapet - 06.12.2019

Val av styre.

Valnemnda si tilråding:

- Jon Rolf Næss, Bykle kommune. Representantskapet anbefaler styret å velje Jon Rolf Næss som styreleiar.
- Gro Bråthen, Agder fylkeskommune. Representantskapet anbefaler styret å velje Gro Bråthen som nestleiar.
- Nils Olav Larsen, Vennesla kommune
- Inger Lise Stulien, Åseral kommune

- Bjørn Gunnar Baas, Åmli kommune
- Bjørn Ropstad, Agder fylkeskommune
- Torunn Ostad, Agder fylkeskommune

Val av vara medlemer til styre. Veljast i rekkefølje.

Valnemnda si tilråding:

1. Sigmund Oksefjell, Kvinesdal kommune (Møter fast i styret utan stemmerett).
2. Margrethe Handeland, Hægebostad kommune
3. Knut Hagen, Valle kommune
4. Sally Vennesland, Agder fylkeskommune
5. Kristin Ljosland, Agder fylkeskommune
6. Ove Gundersen, Froland Kommune
7. Nina Jentoft, Agder fylkeskommune.

Valnemndas tilråding vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

Nytt styre:

- Jon Rolf Næss, Bykle kommune. Representantskapet anbefaler styret å velje Jon Rolf Næss som styreleiar.
- Gro Bråthen, Agder fylkeskommune. Representantskapet anbefaler styret å velje Gro Bråthen som nestleiar.
- Nils Olav Larsen, Vennesla kommune
- Inger Lise Stulien, Åseral kommune
- Bjørn Gunnar Baas, Åmli kommune
- Bjørn Ropstad, Agder fylkeskommune
- Torunn Ostad, Agder fylkeskommune

Val av vara medlemer til styre. Veljast i rekkefølje.

1. Sigmund Oksefjell, Kvinesdal kommune (Møter fast i styret utan stemmerett).
2. Margrethe Handeland, Hægebostad kommune
3. Knut Hagen, Valle kommune
4. Sally Vennesland, Agder fylkeskommune
5. Kristin Ljosland, Agder fylkeskommune
6. Ove Gundersen, Froland Kommune

7. Nina Jentoft, Agder fylkeskommune.

PS 9/19 2 tertial 2019

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 06.12.2019

Tilrådinga vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

Rekneskap 2. tertial 2019 blir tatt til orientering.

Saksprotokoll i KIKS - Representantskapet - 06.12.2019

Dagleg leiar orienterte kort om 2. tertial 2019.

Samrøystes teke til orientering. Tilrådinga vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

Rekneskap 2. tertial 2019 blir tatt til orientering

PS 10/19 Budsjett 2020, økonomiplan 2021-2023 og utbetalingsprognose 2020

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.09.2019

Handsaming:

Dagleg leiar orienterte kort om budsjett og økonomiplan.

Tilrådinga vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

Budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023 vert vedteken

Prognose utbetaling til deltakarar 2020 vert vedteken

Saksprotokoll i KIKS - Representantskapet - 06.12.2019

Dagleg leiar orienterte kort om budsjett og økonomiplan.
Tilrådinga vert samrøystes vedteke.

Budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023 vert vedteken.
Prognoseutbetaling til deltakarar 2020 vert vedteken.

PS 3/20 Referatsaker

PS 4/20 Drøftingssaker

PS 5/20 Orienteringssaker

Saksmappenr:2020/1 -3

Arkiv:

Sakshandsamar: Lena Kleven Flateland

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
29/20	KIKS - Styret	20.05.2020
6/20	KIKS - Representantskapet	24.06.2020

Selskapsavtale 2020-2029

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 20.05.2020

Handsaming:

Tilrådinga vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

Revidert selskapsavtale blir vedteke, og blir oversendt kommunestyra og fylkestinget for behandling.

Dagleg leiar tilrår:

Revidert selskapsavtale blir vedteke, og blir oversendt kommunestyra og fylkestinget for behandling.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Selskapsavtalen skal reviderast etter avlagt rekneskap 2019.

2. Saksopplysningar

I sak 11/18 i representantskapet og sak 44/18 i styret er vedtak «Revidering av selskapsavtalen blir utsett til etter avlagt rekneskap 2019, når alle kommune- og fylkessammenslåingar er gjennomført». Det blei likevel naudsynt å gjennomføre ein

revisjon i 2019, med dei formelle endringar som namn, organisasjonsnr. og eigardel, vedtak i sak 14/19 i styret og 4/19 i representantskapet.

Revisjonen av 2020, er ein større revisjon som tek for seg endringar som følger av kommune og fylkesstrukturen, i tillegg til endringar i lovverket. I sak 8/20 vert det sett ned ei arbeidsgruppe som saman med administrasjonen skulle utarbeide forslag til ny selskapsavtale.

Arbeidsgruppe:

Jon Rolf Næss	Styreleiar
Inger Lise Lund Stulien	Styremedlem
Torunn Ostad	Styremedlem
Svein Arne Haugen	Leiar i representantskapet
Inge Stangeland	Rådmann – leiar i porteføljeutvalet

Prosess:

3. februar 2020	<ul style="list-style-type: none">• Fyrste møte i arbeidsgruppa.
13. februar 2020	<ul style="list-style-type: none">• Fyrste utkast til arbeidsgruppa.
20. februar 2020	<ul style="list-style-type: none">• Eikerapen styremøte/seminar. Her gikk ein gjennom for styret dei forslag som er innarbeida frå arbeidsgruppa.
Gjennomlesing	<ul style="list-style-type: none">• Advokat Erna Larsen i KS.
20. mars 2020	<ul style="list-style-type: none">• Orientering om prosess.
7. mai 2020	<ul style="list-style-type: none">• Arbeidsgruppa tilsendt 2. utkast for gjennomlesing
20. mai 2020	<ul style="list-style-type: none">• Behandling i styremøte.
24. juni 2020	<ul style="list-style-type: none">• Behandling i representantskapet
Juli 2020	<ul style="list-style-type: none">• Selskapsavtalen sendast ut til dei aktuelle kommunestyra og fylkesting.

3. Vurdering

I det fylgjande vil selskapsavtalen gåast gjennom per paragraf, og endringar er kommentert.

- § 1 – Firma

Endra dato for gjeldande avtale til 25.02.20.

- § 2 – Deltakarar

Deltakerlista blei oppdatert i den formelle revisjonen av 2019. Sett inn «tidligere» foran Vest-Agder Fylkeskommune.

- Ingen endringar i § 3 – Føremål og § - 4 Hovudkontor.

- § 5 – Representantskapet

Oppdatera lovhenvisingane, ny kommunelov og forvaltningslova om inhabilitet. Ein har oppdatert frist for innkalling i samsvar med gjeldande IKS-lov. Lagt inn at leiaren skal syte for protokoll og underskrift.

- § 6 – Styret

Her la ein til § 7 «styrets oppgåver», då er strukturen lik som § 5 Representantskapet. Denne samanslåinga fører til endring av alle paragrafar heretter. Ein endra antall varamedlemmer i styret frå «like mange» til tre. Kraftutbyggingskommunane er endra til konsesjonskraftkommunane. Tidligere skulle styret velge leiar og nestleiar sjølv, nytt i denne

avtala er at representantskapet vel leiar og nestleiar i styret. Endra lovhenvisinga om inhabilitet som i § 5. Ein har endra litt på rekkefølga av informasjon for meir oversikt.

- **§ 7 – Valnemnd til styret**

Ein har lagt inn funksjonstid for valnemnda. Ny valnemnd velges ved valår (4 år). Det er lagt inn at valnemnda også er honorarnemnd.

- **Ingen endringar i § 8- Dagleg leiar, § 9 – Forvaltning og § 10 – Innskott.**

- **§ 11 – Eigardel og ansvarsdel**

Lagt til 0,01 % på Evje og Hornnes kommune for å få tabellen til å gå opp i 100 % med alle desimalar. Det har ikkje anna påvirkning.

- **Ingen endringar i § 12 – Kapital og avkastning.**

- **§ 13 – Fordeling av selskapets midler**

Her er det gjort endringar i forbindelse med fylkessammenslåinga. Ein kan se i § 14 i tidligare selskapsavtale om fordelinga. I denne er det foreslått fordeling 90/10 mellom fylket og kommunane. Bygland har ei avtale som ivaretakast her.

- **§ 14 – Kostnadar til administrasjonen**

Her har ein endra ordet utgifter til kostnadar. Kostnadane skal fordelast på kommune/fylkeskommune etter storleiken på konsesjonskraftvolumet, tidligare var det konsesjonskraftinntekter.

- **Ingen endringa i §§§ 15, 16, 17.**

Valle, den 12.05.2020

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Vedlegg

1 Selskapsavtale Konsesjonskraft IKS 2020

Selskapsavtale

§ 1 – Firma

Konsesjonskraft er eit interkommunalt selskap med firmanamn:

Konsesjonskraft IKS

Selskapet er skipa med heimel i lov om interkommunale selskap, lov av 29.1.1999, nr. 6.

Selskapsavtalen gjeld i tillegg til lov om interkommunale selskap, og erstattar tidlegare selskapsavtale datert 25.02.20.

§ 2 – Deltakarar i selskapet

Agder fylkeskommune	921 707 134
Arendal kommune	940 493 021
Birkenes kommune	964 965 870
Bygland kommune	964 966 397
Bykle kommune	958 814 968
Evje og Hornnes kommune	964 966 109
Flekkefjord kommune	964 967 369
Froland kommune	946 439 045
Grimstad kommune	864 964 702
Hægebostad kommune	964 963 916
Iveland kommune	864 966 012
Kristiansand kommune	820 852 982
Kvinesdal kommune	964 964 076
Lindesnes kommune	921 060 440
Lyngdal kommune	922 421 498
Sirdal kommune	964 964 165
Valle kommune	964 966 575
Vennesla kommune	936 846 777
Åmli kommune	864 965 962
Åseral kommune	964 966 842

Deltakarane i selskapet overlèt til Konesjonskraft IKS uttak og omsetning av all konesjonskraft den enkelte deltakar disponerer til ei kvar tid.

Avtalane som kommunane i tidligare Vest-Agder har med Eramet blir fullt ut akseptert fram til utløp, høvesvis 31.12.2022 for Kvinesdal og 30.6.2024 for Sirdal og Vest-Agder fylkeskommune.

§ 3 – Føremålet med selskapet

Konesjonskraft IKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konesjonskraft.

Konesjonskraft IKS skal omsetje kommunane og fylkeskommunen si konesjonskraft, gjennom å ta i mot og formidle vidare den pengeyttinga som oppstår gjennom forvaltinga av konesjonskraftrettane og delta i verksemd som har naturleg samanheng med dette.

Konesjonskraft IKS skal etterleve og praktisere prinsippet om meiroffentlegheit i alt arbeid.

Konesjonskraft IKS skal trygge konesjonskraftordninga som ein kommunal/fylkeskommunal rett, trygge verdien i konesjonskraftordninga, og sikre deltakarane påreknelege og gode inntekter.

§ 4 – Selskapet sitt hovudkontor

Selskapet har hovudkontor i Valle kommune.

Adresse 4747 Valle

§ 5 – Representantskapet

Representantskapet er øvste organet i selskapet og deltakarane utøver sitt mynde i selskapet gjennom dette. Representantar og vararepresentantar blir valde av dei respektive kommunestyra og fylkestinget for fire år av gongen. Funksjonstida fylgjer den kommunale valperioden.

Representantskapet har 21 faste representantar, fordelt med to representantar frå fylkeskommunen og ein representant frå kvar kommune. Det skal oppnamnas like mange vararepresentantar.

Representantane har fylgjande stemmefordeling: 1 GWh konesjonskraft rekna etter alminnelege avrundingsreglar svarer til 1 stemme, men likevel slik at alle deltakarane har minst 1 stemme. Stemmene blir berekna etter volumtala per 1. januar kvart år. Representantane frå fylkeskommunen stemmer i fellesskap for det tal på stemmer fylkeskommunen har.

Om inhabilitet for representantar og vararepresentantar gjeld reglane i kommunelova § 11-10 og forvaltningslova kap. II.

Leiaren i representantskapet innkallar til møte når han finn det påkravt, eller når styret vedtek at det skal innkallast til slikt møte. Det skal haldast minst eitt ordinært representantskapsmøte i året. Møtet skal haldast innan utgongen av juni månad. Innkallinga skal sendast ut i tråd med gjeldande IKS-lov. Dersom leiaren i representantskapet eller styret finn det naudsynt, kan representantskapet innkallast med kortare varsel. Dagleg leiar og styreleiar har plikt til å møte i representantskapsmøte og øvrige styremedlemer har rett til å vere til stades og uttale seg.

Innkalling med saksdokument skal sendast til vararepresentantane i representantskapet. Dei enkelte deltakarar skal med same frist etter gjeldande IKS-lov varslast om innkallinga og saklista.

Leiaren leiar representantskapet sine møte. Dersom leiaren har forfall, vert møtet leia av nestleiaren. Er ingen av desse til stades vert møteleiaren vald av dei representantane som er til stades ved vanleg fleirtall. Står stemmene likt, skjer valet ved loddtrekking.

Leiaren skal syte for at det blir skriva protokoll frå representantskapsmøta. Protokollen skal underskrivast av møteleiaren og to av medlemene i representantskapet som veljast ved byrjinga av møtet.

Representantskapet er vedtaksført når minst halvdel av medlemene er til stades og desse representerer minst 2/3 av stemmene. Eit vedtak er gyldig når det er gjort med fleirtalet av stemmene i eit vedtaksført representantskap. Ved likt stemmetal er leiaren si stemme avgjerande. Det same gjeld dersom møtet vert leia av nestleiaren eller ein vald representant. Desse avstemmingsreglane gjeld og ved tilsetjingar.

Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar, i tillegg til styre, revisor og valnemnd.

Representantskapet sine oppgåver er elles:

1. Vedtake styreinstruks.
2. Godkjenne instruks for dagleg leiar.
3. Vedtake strategiplan etter framlegg frå styre
4. Vedtake finansreglement
5. Vedtake økonomiplan og budsjett etter framlegg frå styret.
6. Godkjenne rekneskapen og handsame årsmelding.
7. Fastsette godtgjering til styremedlemene og representantskapets medlemmer.
8. Handsame andre saker som styret legg fram for det.

§ 6 – Styret

Konsesjonskraft IKS vert leia av eit styre på 7 medlemmer med 3 varamedlemmer i rekkefylgje. Medlemmene er valde av representantskapet for den kommunale valperioden, av desse 4 medlemmer frå konsesjonskraftkommunane og 3 medlemmer frå fylkeskommunen. Det skal og veljast tre varamedlem til styret. 1. varamedlem er fast møtande medlem. Representantskapet vel styreleiar og nestleiar.

Leiaren i representantskapet har møte- og talerett i styremøta.

Om inhabilitet for medlemene og varamedlemene i styret gjeld reglane i kommunelova § 11-10 og forvaltningslova kap. II.

Styreleiaren innkallar til møte når han finner det påkravd. Medlem av styret og dagleg leiar kan krevje at styret innkallast. Innkallinga skal sendast ut skriftleg med minst 1 - ei veker varsel. Dersom styreleiaren finn det naudsynt, kan styret innkallast med kortare varsel. Innkallinga med saksdokument skal sendast til varamedlemene i styret.

Dersom leiaren har forfall, vert styremøtet leia av nestleiaren. Er ingen av desse til stades, vert møteleiaren vald av dei styremedlemene som er til stades ved vanleg fleirtall. Ved likt stemmetal, skjer valet ved loddtrekking.

Styret er vedtaksført når minst fire av medlemene eller deira varamedlemmer er til stades.

Når ikkje anna er fastsett i selskapsavtalen, er eit vedtak gyldig når det er gjort med halvdelen av dei medlemmene som er til stades. Ved stemmelikskap er leiarens stemme avgjerande. Det same gjeld dersom møtet vert leia av nestleiaren eller eit vald medlem. Desse avstemmingsreglane gjeld og ved val og tilsetjingar.

Det skal førast protokoll frå styremøta. Protokollen skal underskrivast av samtlige styremedlemer som er til stades.

Styret skal:

- Sjå til at Konesjonskraft IKS vert styrt og forvalta i samsvar med selskapsavtalen, instruksar og vedtak.
- Tilsette dagleg leiar.
- Legge fylgjande fram for representantskapet:
 - Styreinstruks.
 - Instruks for dagleg leiar.
 - Strategiplan
 - Økonomiplan og budsjett.
 - Rekneskap og årsmelding.
- Gjennomføre fordeling av selskapet sine midlar i samsvar med § 14.
- Inngå kontraktar innafor ramma av dei vedtaka representantskapet har gjort.
- Vedtake og vedlikehalde risikostrategien.
- Vedtake og vedlikehalde beredskapsplanen.
- Vedtake eventuell deltaking i andre selskap.
- Utøve mynde som ikkje ligg til representantskapet.

§ 7 – Valnemnd til styret

Valnemnda skal bestå av tre medlemer, og blir valt av representantskapet i kvart kommunevalår. Funksjonstida gjeld fram til ny valnemnd vert vald.

I funksjonstida har valnemnda ansvar for å kome med framlegg til nytt styremedlem ved uttrede av eit styremedlem. Valnemnda har ansvar for å innstille til representantskapet i alle suppleringsval av styremedlemer og varamedlemer i styret.

Valnemnda fungerer som honorarnemnd.

Valnemnda vel sin eigen leiar.

§ 8 – Dagleg leiar

Konesjonskraft IKS skal ha ein dagleg leiar som står for den daglege leiinga av selskapet og som skal følgje dei retningslinene og pålegga som styret gjev.

Instruks for dagleg leiar skal utarbeidast av styret, jf. § 6.

§ 9 – Forvaltning

Styret er ansvarleg for at den delen av kapitalen som representantskapet vedtek ikkje å utbetale til deltakarane, jf. §§ 12 og 13, gjev ei tilfredsstillande renteavkastning, samstundes som naudsynt kapital må kunne stillast til rådvelde på kort varsel. Konesjonskraft IKS sin kapital elles blir å plassere på renteberande konto i bank, i pante- og/eller ihendehavarobligasjonar, i aksjar eller aksjefond, i

fast eigedom eller på annan måte mot tilfredsstillande tryggleik. Dette skjer i medhald av finansreglement vedteke av representantskapet.

Årsmelding og rekneskap skal handsamast ferdig av representantskapet innan utgongen av juni månad, og sendast deltakarane i selskapet for handsaming.

§ 10 – Innskott frå deltakarane

Deltakarane skal ikkje gjere innskott i selskapet.

Ikkje utbetalte inntekter inkl. renteavkastning, skal til ei kvar tid forvaltast av styret for eventuell seinare utbetaling til dei einskilde kommunane/fylkeskommunen, jf. § 9.

§ 11 – Eigardel og ansvarsdel

Eigardel per 1. januar 2020 er fylgjande:

Eigardel 1.1.2020	i %
Agder fylkeskommune	57,15 %
Bykle	10,18 %
Åseral	4,40 %
Valle	4,28 %
Kvinesdal	3,46 %
Vennesla	3,27 %
Bygland	3,25 %
Froland	2,42 %
Lindesnes	1,94 %
Åmli	1,86 %
Sirdal	1,82 %
Iveland	1,68 %
Flekkefjord	1,33 %
Arendal	0,97 %
Grimstad	0,79 %
Evje og Hornnes	0,40 %
Birkenes	0,37 %
Lyngdal	0,35 %
Kristiansand	0,06 %
Hægebostad	0,02 %

Ansvarsdelen er lik eigardelen.

Dersom det oppstår endring for ein eller fleire deltakarar på minst 10 % av opphavleg eigardel og denne endringa utgjer minst 2 prosentpoeng, skal styret ta initiativ til å få endre selskapsavtalen gjennom ny handsaming hos alle deltakarane.

§ 12 – Kapital og avkastning

Konsesjonskraft IKS sin kapital og inntekter kjem fram gjennom omsetning av konsesjonskraft og avkastning av kapitalen.

§ 13 – Fordeling av selskapet sine midlar

Dei midlane som vert tilførde Konesjonskraft IKS, skal fordelast i samsvar med denne paragrafen.

- For dei kommunane som har konesjonskraft ut over forbruk til alminnelig forsyning gjeld:
 - o Kommunen prioriterer den rimelegaste krafta innanfor det som til kvar tid er forbruket til alminneleg forsyning.
 - o Overskytande kraft utover forbruket til alminneleg forsyning fordelast fylgjande:
 - Fylkeskommunen 90%
 - Kommunen 10%
- Bygland kommune skal tildelast inntekter tilsvarande alminneleg forsyning tillagt inntil 10 GWh.

§ 14 – Kostnadar til administrasjonen

Kostnadane til administrasjon vert dekt av Konesjonskraft IKS sine inntekter og avkastning. Styret fastset løn til dagleg leiar.

Kostnadar til administrasjon av Konesjonskraft IKS skal fordelast høvesvis på kommunane/fylkeskommunen etter storleiken på konesjonskraftvolumet det einkilde året.

§ 15 – Endring av selskapsavtalen

Selskapsavtalen skal vedtakast i kommunestyre og fylkesting av alle deltakarane.

Endringar i selskapsavtalen som gjeld endringar som nemnt i lov om interkommunale selskap § 4, tredje ledd, må vedtakast av kommunestyre og fylkesting. Dette gjeld:

1. Selskapet sitt føretaksnamn.
2. Deltakarar i selskapet.
3. Formålet til selskapet.
4. Kommunen der selskapet har sitt hovudkontor.
5. Tal på styremedlemmer.
6. Deltakarane si innskotsplikt og plikt til å gjere andre ytingar overfor selskapet.
7. Den enkelte deltakar sin eigardel i selskapet og den enkelte deltakar sin ansvarsdel i selskapet dersom denne avvik frå eigardelen.
8. Tal på representantar i representantskapet og kor mange medlemmer den enkelte deltakar oppnemner.
9. anna som etter lov skal fastsettast i selskapsavtalen.

Andre endringar kan gjerast med minst 2/3 av stemmene i eit vedtaksført representantskap.

§ 16 – Voldgift

Ein tvist mellom partane om denne kontrakten skal avgjerast med voldgift etter Lov om voldgift av 14. mai 2004 nr. 25, med mindre ein av partane krev avgjerd ved dei ordinære domstolane.

Voldgiftsretten skal bestå av tre medlemmer, kvar av partane vel eitt medlem. Voldgiftsretten sin leiar skal vere jurist i dømmende stilling, og blir valt av dei partane valde medlemmer i fellesskap.

§ 17 – Andre reglar

Selskapsavtalen erstattar selskapsavtalen frå 25.02.2020 og trer i kraft frå det tidspunkt alle nødvendige vedtak er gjort.

Det er deltakarane sin intensjon å reforhandle avtalen innan 1.7.2024.

Avtalen gjeld til og med 31.12.2029.

.....
Dato Agder fylkeskommune

.....
Dato Arendal kommune

.....
Dato Birkenes kommune

.....
Dato Bygland kommune

.....
Dato Bykle kommune

.....
Dato Evje og Hornnes kommune

.....
Dato Flekkefjord kommune

.....
Dato Froland kommune

.....
Dato Grimstad kommune

.....
Dato Hægebostad kommune

.....
Dato Iveland kommune

.....
Dato Kristiansand kommune

.....
Dato Kvinesdal kommune

.....
Dato Lindesnes kommune

.....
Dato Lyngdal kommune


.....
Dato Sirdal kommune

.....
Dato Valle kommune

.....
Dato Vennesla kommune

.....
Dato Åmli kommune

.....
Dato Åseral kommune



Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
24/20	KIKS - Styret	20.05.2020
7/20	KIKS - Representantskapet	24.06.2020

Utbetaling og føring av etteroppgjør kraftgrunnlag Sira-Kvina 2000-2018

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 20.05.2020

Handsaming:

Tilråding samrøystes vedteke.

Vedtak:

Etteroppgjør kraftgrunnlag Sira Kvina først mot reservekapital til deltakarane. For volum tilhøyrande Agder fylkeskommune, frå etteroppgjør Aust Agder, samt Bykle og Bygland kommune, utbetalast etteroppgjøret.

Dagleg leiar tilrår:

Etteroppgjør kraftgrunnlag Sira Kvina først mot reservekapital til deltakarane. For volum tilhøyrande Agder fylkeskommune, frå etteroppgjør Aust Agder, samt Bykle og Bygland kommune, utbetalast etteroppgjøret.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

I rettsmekling 27-30 april 2020 inngikk KIKS forlik med Sira Kvina kraftselskap etteroppgjør i saka om kraftgrunnlag for perioden 2000-2018.

2. Saksopplysningar

Konsesjonskraft IKS stevna 24.06.2019 Sira Kvina kraftselskap for kr. 70 440 476 for etteroppgjær i saka om kraftgrunnlag i perioden 2000-2018. Partane møttest til rettsmekling 27.-30. april i Oslo tingrett og kom til forlik. Som del av forliket reduserer KIKS sitt krav med kr. 1 519 109 for berekning av krav utan rentesrente og med kr. 4 500 000 for å unngå rettssak.

Fordelingane av etteroppgjæret er gjort etter avtaler i KIKS og dreier seg for Bykle, Valle, Bygland og Agder FK (tidligere Aust-Agder FK) for heile perioden 2000-2018. For Flekkefjord, Kvinesdal Sirdal og Agder FK (tidligere Vest-Agder FK) er fordelingane for perioden 2015-2018. Kommunane i tidligere Vest-Agder vart sjølv part i meklinga for sin andel av etteroppgjæret i perioden 2000-2014.

Ein andel av etteroppgjæret skal betalast til Agder Energi vannkraft, då Konsesjonskraftffondet for Aust-Agder (KAAIKS) hadde ein forvalteravtale med Agder Energi produksjon i perioden 2000-2010.

3. Vurdering

Etteroppgjæret dreier seg om perioden 2000-2018 og KIKS har i samråd med revisor eit ynskje om å føre etteroppgjæret mot reservekapitalen då det ikkje tilhøyrar resultatet for 2020.

For dei deltakarane med nedside, Kvinesdal og Agder FK (Vest-Agder volumet), har KIKS sett av reservekapital i tidlegare år for å kunne handtere nedsida.

For dei deltakarane med mindre oppgjær bokførast etteroppgjæret mot reservekapital og vil bli del av utbetalingsprognosane i årane frametter. Dette gjeld Valle, Sirdal og Flekkefjord.

For Bykle, Bygland og Agder Fylkeskommune (Aust-Agder volumet) betalast etteroppgjæret ut.

Deltakar	Fordeling	Korleis behandlast
Bykle	22 862 363	Bokførast reservekapital og utbetalast
Valle	241 903	Bokførast reservekapital
Bygland	2 578 079	Bokførast reservekapital og utbetalast
Sirdal	325 963	Bokførast reservekapital
Kvinesdal	-1 073 923	Bokførast reservekapital
Flekkefjord	297 796	Bokførast reservekapital
Aust Agder fylkeskommune	41 617 314	Bokførast reservekapital og utbetalast
Vest Agder Fylkeskommune	-13 916 626	Bokførast reservekapital
Agder Energi Vannkraft	11 488 497	Utbetalast etter avtale
Sum:	64 421 367	

Valle, den 12.05.2020

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Vedlegg


- 1 Rettsforlik - 30-04-2020
- 2 BDO notat etteroppgjør kraftgrunnlagsak

RETTSFORLIK

- 1 Sira-Kvina Kraftselskap DA betaler kr 6 867 686 til Rogaland fylkeskommune innen to uker.
- 2 Sira-Kvina Kraftselskap DA betaler kr 992 394 til Sandnes kommune innen to uker.
- 3 Sira-Kvina Kraftselskap DA betaler kr 593 830 til Sokndal kommune innen to uker.
- 4 Konesjonskraft IKS betaler kr 1 519 109 til Sira-Kvina Kraftselskap DA innen to uker.
- 5 Flekkefjord kommune betaler kr 30 196 til Sira-Kvina Kraftselskap DA innen to uker.
- 6 Sira-Kvina Kraftselskap DA betaler kr 10 232 088 til Agder fylkeskommune innen to uker.
- 7 Kvinesdal kommune betaler totalt kr 30 000 000 til Agder fylkeskommune. Dette beløpet skal gjøres opp slik:
 - Kvinesdal kommune betaler kr 15 000 000 til Agder fylkeskommune innen to uker.
 - Kvinesdal kommune betaler kr 4 000 000 til Agder fylkeskommune ved at Konesjonskraft IKS frigir andelene til Kvinesdal kommune og Agder fylkeskommune av forliksoppgjøret etter forliksavtale 16. januar 2017 i «delingsfaktorsaken». Ved utbetalingen av dette beløpet er mellomværende mellom Agder fylkeskommune og Kvinesdal kommune i «delingsfaktorsaken» endelig oppgjort.
 - Kvinesdal kommune betaler kr 11 000 000 til Agder fylkeskommune innen 1. januar 2024.
- 8 Konesjonskraft IKS betaler 4 500 000 til Agder fylkeskommune innen to uker.
- 9 Det er tidligere foretatt flere innbetalinger med forbehold som angitt på side 3 i prosesskriv fra Sira-Kvina Kraftselskap DA av 24. januar 2020. Ved oppfyllelse av dette forlik er alle krav mellom partene i sak 19-099637TVI-OTIR/03 og sak 19-127388TVI-OTIR/03 endelig opp og avgjort.
- 10 Hver av partene bærer sine egne sakskostnader.

- 11 Partene begjærer sak 19-099637TVI-OTIR/03 og sak 19-127388TVI-OTIR/03 hevet som forlikt og frafaller forkynning av hevingskjennelsen. De frafaller også retten til å anke.

Oslo tingrett, 30. april 2020



- JENS NAAS-BIBOW
For Sira-Kvina Kraftselskap DA



For Konesjonskraft IKS



-
For Agder fylkeskommune



-
For Flekkefjord kommune


-
For Sandnes Kommune


-
For Sokndal kommune


-
For Rogaland fylkeskommune


-
For Kvinesdal kommune


Tingrettdommer Jonas Petter Madsø

Notat

Ref Etteroppgjør rettsmekling Kraftgrunnlag Sira-Kvina 2020
Til Styret i Konesjonskraft IKS
Cc Daglig leder Glenn Qvam Håkonsen
Fra BDO AS v/ Håkon Korslund og Magnus Øvrebø Øksenholt
Dato 6. mai 2020
Emne Gjennomgang av dokumenter og fordelinger mellom deltakere i Konesjonskraft IKS (KIKS)

Etteroppgjør kraftgrunnlagsak

BDO sin rolle og arbeid

Vi er blitt forespurt av daglig leder Glenn Qvam Håkonsen (Glenn) om å foreta en kontroll av regneark benyttet ved beregning av fordeling av oppgjør fra rettsmekling med Sira-Kvina Kraftselskap DA (SK) (sak 19-099637TVI-OTIR/03 og 19-127388TVI-OTIR/03). Regnearkene er utarbeidet av Glenn og vi er forespurt om en teknisk kontroll. Vi har fått opplyst at «input som historisk kostpris, NO2 spotpris, valutakurser og rentesatser» anses som vurdert og kontrollert av SK og de andre kommunene. Vår kontroll av input begrenser seg derfor kun til logisk kontroll av inputtall.

Hva vi har kontrollert

Vi har kontrollert beregning av renter, hovedstol og beregnet oppgjør, herunder at rentes renter ikke tas med da vi er blitt opplyst om at dette ble fraveket som prinsipp i forbindelse med forliket. Dette gjelder kontroll av oppgjør mot SK, Agder Energi Vannkraft AS (AEVK) og fordelinger til deltakere av KIKS. Kontrollen innebærer teknisk kontroll av formler og logisk kontroll på inputtall, men som nevnt over innebærer den ingen ytterligere kontroll av input. Vår kontroll har også inkludert forespørsler til Glenn for å få forklaringer på brudd i formler hvor vi da har fått tilbakemelding på dette.

Vår konklusjon

Vi har konstatert at oppstillingen er satt opp på en logisk og oversiktlig måte. Formelbruken er teknisk god og brudd er forklart på en måte som er vurdert logisk og korrekt. Basert på faktum slik det er fremstilt for oss og slik vi har forstått det gjennom vår gjennomgang og ved tidligere anledninger er det ingen avvik i dokumentene vi har fått oversendt.

Vi gjør allikevel styret oppmerksom på følgende punkter som vi mener det er viktig å spesifisere og som vi har fått opplyst av Glenn at han tar opp i sin gjennomgang om saken med styret:

- Fra 2015 og utover har vi fått opplyst at denne saken inngikk i sikringsstrategien til KIKS og det er derfor benyttet oppnådde tall for volum som man startet å sikre fra dette tidspunktet. Rent praktisk betyr det at det er oppnådde tall for Vest-Agder fylkeskommune og kommunene som gikk inn i KIKS samtidig som danner grunnlaget for fordelingen i disse årene. Dette skaper et brudd i formlene og er derfor nevnt i avsnittet om hva vi har kontrollert og vår konklusjon. Dette endrer også fordelingen mellom deltakerne. Vi har her fått opplyst om at dette tidligere er kommunisert med påvirkede parter.
- Det foretas for Bykle kommune en justering av kjøpskosten på grunn av fordeling mellom kommunen og Aust-Agder fylkeskommune. Denne fordelingen begrunnes i at

Bykle kommune ville kunnet kjøpe billigere konsesjonskraft fra Sira-Kvina enn prisen som de faktisk betalte dersom kraftgrunnlaget var beregnet i tråd med vedtaket som kom i 2018.

Siden de ovenstående kontrollene verken utgjør revisjon eller forenklet revisorkontroll i samsvar med revisjonsstandardene, gir vi ikke uttrykk for noen sikkerhet for at regnearkene og fordelingene ikke inneholder vesentlige feil.

Dersom vi hadde utført tilleggshandlinger eller hadde gjennomført revisjon eller forenklet revisorkontroll i samsvar med revisjonsstandardene, kunne andre forhold ha kommet til vår kunnskap og blitt rapportert til dere.

Vår rapport er utelukkende utarbeidet for det formål som er beskrevet i første avsnitt i denne rapporten og til deres informasjon, og skal ikke brukes til noe annet formål. Rapporten vedrører kun det som er spesifisert ovenfor og omfatter ikke regnskapet for Konsesjonskraft IKS som helhet.

Arendal, 06. mai 2020

BDO AS

Håkon Korslund
Statsautorisert revisor

Magnus Øvrebø Øksenholt
Senior revisormedarbeider

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo" - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Magnus Øvrebø Øksenholt

Medarbeider

Serienummer: 9578-5999-4-2343466

IP: 188.95.xxx.xxx

2020-05-06 14:11:59Z



Håkon Vik Korslund

Partner

Serienummer: 9578-5992-4-1065097

IP: 188.95.xxx.xxx

2020-05-06 16:04:28Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

Saksmappenr:2018/9 -9
Arkiv: 124
Sakshandsamar: Glenn Qvam Håkonsen

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
27/20	KIKS - Styret	20.03.2020
8/20	KIKS - Representantskapet	24.06.2020

Årsmelding og årsrekneskap 2019

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 20.03.2020

Handsaming:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Årsmelding og årsrekneskap for 2019 vert vedteke.

Dagleg leiar tilrår:

Årsmelding og årsrekneskap for 2019 vert vedteke.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Utkast til årsmelding og årsrekneskap 2019 vert lagt fram for styret til behandling.

2. Saksopplysningar

Utkast til årsmelding og årsrekneskap følger saksframlegget.

3. Vurdering

Valle, den 09.03.2020

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar



KONSESJONSKRAFT IKS

– vaktar rettane og tek vare på verdien

ÅRSMELDING 2019

Styreleiar har ordet

Som nyvald styreleiar ser eg frem til eit godt samarbeid både med styret og administrasjonen i KIKS. Eg vil nytte høve til å takke det gamle styret v/Terje Damman som leiar for jobben som er gjort!

Eg har vore med i styret i KIKS i 8 år, så eg veit kva for ein stor og god jobb selskapet har gjort i mange år.

Aldri har kraftkommunar stått ovafor større utfordringar enn dei gjer i dag. Heile konsesjonskraftordninga var foreslått fjerna i kraftskatteutvalet sin rapport (NOU 2019: 16). KIKS reagera, og saman med LVK og kraftselskapa blei det lagt eit stor press på myndighetene. I januar kom pressemeldinga frå statsministeren; heile NOUen blei lagt i ein skuff! Faren var over for denne gong, men vi hadde fått ein støkk. Nokon vil konsesjonordninga til livs!

Dei ordningane kraftkommunar har er meint som ein kompensasjon for store naturinngrep og neddemde bygdesamfunn. Vasskrafta er ein fantastisk naturressurs som heile landet nyt godt av. Lokalt fører den til store naturøydeleggingar, - til fellesskapets beste. Det burde vere sjølvstyg at ein får dette kompensert slik at distrikta kan framstå som levedyktige og attraktive å bu i. Kraftmillionane vert brukt til innbyggjarane sitt beste ved at kommunane og fylkeskommunen kan oppretthalde eit tenestenivå og byggje infrastruktur som alle nyt godt av.

KIKS si hovudoppgåve er å få mest mogleg igjen for dei 884 GWh som utgjer konsesjonskrafta i Agder. Straumprisen er ustabil. Den endrar seg raskt alt etter temperatur, nedbørsmengder, vind i Danmark og Tyskland og andre internasjonale forhold. For å maksimere utbyttet til kommunane treng vi Glenn, Sveinung og Lena som profesjonelle kraftforvaltarar. Dei forhold seg til eit strengt regelverk som sikrar forutsigbarheit, men også moglegheiter til å selje kraft raskt når marknaden er i endring.

I dette markedet ser ein ofte at tilsynelatande små endringar utgjer mykje pengar, derfor må ein fylgje med kvar einaste dag, året rundt. KIKS har også ein administrasjon som vi bruker for å auke kompetansen rundt i kommunane. Politikarar og administrasjon treng å ha ein regional kompetanse som ein kan bruke når lokale, kraftrelaterte problemstillingar dukker opp. 2019 var eit valår og mange nye politikarar har fått plass i politiske organ. Å ha lokal kompetanse til opplæring og rådgiving i kommunane er viktig!

2019 var eit år med høge kraftprisar, og då aukar inntektene til KIKS. Styret vedtok rekordhøge utbetalingar til eigarane. Om 2020 blir eit like godt år skal mykje til. Året har starta med svært låge prisar, mykje nedbør i haust og i vinter og mildt ver. Då synk prisane, så prognosane er ikkje så gode. Slik er kraftmarknaden! Dette veit vi og vi har ein risikostrategi som skal dempe verknadene av marknadsvingingar.

Vasskraft er spanande! Eit nytt styre er på plass, og vår oppgåve er så godt formulera i slagordet til Konesjonskraft IKS:

Side | 3

Vaktar og forsvarar rettane, tek vare på verdien og fører den attende til deltakarane.

Bykle, 02.03.2020.

Jon-Rolf Næss

Styreleiar

Dagleg leiar har ordet

Administrasjonen i Konesjonskraft IKS er satt til å vakte rettane, forsvare verdien og føre han attende til deltakarane. Dette gir ein interessant, meiningsfylt og variert arbeidskvardag som krev mykje, difor er administrasjonen rusta for å handtere både den daglege drifta og stå klar til å støtte deltakarane og andre samarbeidspartnarar når det trengs.

NOU2019:16 «skattlegging av vannkraftverk» kom som eit stort angrep på kraftinntektane til kommuner og fylkeskommunane, og mobiliserte stort i kommunar, LVK, Kraftfylka og KIKS. KIKS las rapporten grundig og hjalp til med å få fram fakta og tal som får fram eit rett bilete av kraftinntektane til kommunane. Vi opplevde at KIKS har evne til å kome ned i eit detaljnivå som gir nyttig informasjon for å vakte og forsvare rettane. Gjennom systematisk arbeid over tid er vi klar for slike angrep.

Det er nettopp moglegheiten til å kome ned i detaljane og arbeide langsiktig som er den store styrken til KIKS. Med 884 GWh fordelt over 50 kraftverk i 13 vassdrag, er det lønsamt å gå ned i detaljane. Berre det at vi tek ut krafta frå den dagen kraftverket settast i drift sørgjer for netto inntekt på 3,2 millionar kroner i 2019.

Med ein liten administrasjon og eit stort fagfelt, krevjast det ein variert kompetanse av alle tilsette. Då Anne Liv slutta før sommaren, merkast det godt at administrasjonen blei svekka. Difor er vi svært glad for at Lena byrja 1. desember og er godt i gang med å sjå at konesjonskraft er gøy.

Med kommune og fylkestingsval i 2019, blei det vald nytt styre og representantskap på tampen av året. Administrasjonen gler seg til samarbeidet dei neste åra.

Valle, 15.03.2020

Glenn Qvam Håkonsen
Dagleg leiar

Controller har ordet

Etter gjeldande risikostrategi vedteken av styret 12.11.2018, skal: «Controller skal sjå til at krafthandel, oppfølging og rapportering skjer i samsvar med risikostrategien.»

Underteikna hadde fleire kontaktmøte med tidlegare controller i overgangen. Controller har starta med fast kontordag for KIKS, og vore med på fem styremøte, to møte i porteføljeutvalet, to representantskapsmøte og eit todayars seminar.

Controller har arbeidd for å finne gode kontrollrutinar og fokusområde etter ny risikostrategi.

Etter risikostrategien startar sikringa tre år før det aktuelle året. Sikringsgraden vil vere 85 % ved jamn sikring den 31. desember for komande leveringsår. Valutasikring skal gjennomførast samtidig med kvar sikringshandel.

Områderisiko skal normalt ikkje sikrast, men status mot budsjettamma skal rapporterast til styret og porteføljeutvalet i kvart møte.

Controller har m.a. utført følgjande kontrollar pr. 31.12.19:

1. Finansiell sikring av kraft er på løpande basis kontrollert mot gjeldande reglar i sikringsstrategien.
2. Sikringshandlar blir oppgitt i NOK frå Entelios og er med det ikkje utsett for valutarisiko.
3. Sikring av områderisiko mot gjeldande reglar i sikringsstrategien.

Dagleg leiar kan avvike frå normalstrategien, jf. punktet om avvikshandel, dersom marknadsprisen ikkje reflekterer marknadssynet til administrasjonen. Dagleg leiar kan avvike frå jamn sikring med inntil 600 GWh for heile sikringsperioden. Dette inneber at heile sikringsperioden kan sjåast under eitt. Det er uklart om det også inkluderer leveringsåret. Denne grensa er ikkje noko tema pr. 31.12.19, då KIKS held seg langt innanfor denne ramma. I tillegg har styret godkjent 100 GWh i avvik for både 2020 og 2021 (PS 16/18). Administrasjonen fekk i same sak ei ramme på inntil 5 mill. € for å valutasikre dette avviket.

Områderisiko har ikkje blitt sikra tidlegare. KIKS har avtalt sikring av områderisiko i 2019 for leveringsåret 2020. Dette er med på å redusere risikoen for selskapet, og er med det innanfor formålet med risikostrategien. Ein bør vurdere om avsnittet i risikoreglementet er klart nok etter at det har blitt mogleg å sikre områderisikoen.

Dei finansielle handlane vart overført til LOS Energy AB den 13. juli 2018, jf. OS 5/18. LOS Energy AB har i etterkant endra namn til Entelios. Entelios sikrar alle finansielle handlar på Nasdaq OMX på kontoen Entelios nyttar, dvs. at handlane blir cleara. Konesjonskraft IKS står derfor ikkje lenger som direkte eigar av posisjonane på Nasdaq OMX. Dette betyr at motpartsrisikoen er flutt frå Nasdaq OMX til Entelios.

Risikoreglementet har følgende formulering:

Alle finansielle kontrakter som KIKS gjer skal gjennomgå clearing på NASDAQ OMX commodities Europe dersom ein ikkje har avtalt anna. Tilgong til handel på NASDAQ OMX commodities Europe kan gjerast gjennom direkte medlemskap eller gjennom avtale med forvaltar. Dette vert gjort for å eliminere motpartsrisiko. Dersom clearing ikkje kan gjennomførast, skal motparten vurderast og godkjennast av styret før kontrakten er endeleg.

Etter dette blir KIKS' posisjonar fortsatt clara på Nasdaq, men motpartsrisikoen går no mot Entelios.

Når det gjeld valutasikring er motpartsrisikoen flutt frå Danske bank til Entelios.

Konsesjonskraft IKS vidareutvikla system i 2018. Dette sikrar på ein god måte arbeidet med å selje kraft etter risikoreglementet.

Administrasjonen er velviljug til å dele informasjon og turvande dokument til underteikna.

Controller har ikkje avdekka vesentlege avvik i 2019.

Controller deltek på møte kvar veke med heile administrasjonen i KIKS, i tillegg til styremøte, PFU-møte, representantskap og seminar. Dette er naudsynt for å kunne skjøtte oppgåva som controller.

Valle, 11.2.2020

Laila Rysstad

Controller

Årsmelding 2019

Styret legg med dette fram årsmeldinga for driftsåret 2019, og årsrekneskapet er gjort opp under føresetnad om framleis vidare drift.

KORT OM KONSESJONSKRAFT IKS

Konsesjonskraft IKS (KIKS) er eit interkommunalt selskap organisert i medhald av lov om interkommunale selskap. Selskapet er lokalisert med kontorstad i Valle i Setesdal.

Kommunar har rett på ca. 10 % av kraftmengda i eit kraftverk, inntil totalt forbruk i kommunen, dersom dei er kraftverkskommune, fallkommune eller magasin-kommune. Har kommunen rett på meir kraft enn forbruket er i kommunen, tilfelloverskytande kraftmengde fylkeskommunen, dersom ikkje anna er avtalt. Krafta det her er tale om blir kalla konsesjonskraft, og er heilt vanleg vasskraft.

Primærformålet med selskapet er sal av konsesjonskraft på vegne av deltakarkommunane.

Selskapet si overordna målsetting er å vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane. KIKS vaktar og forsvarar deltakarane sine rettar, tek vare på verdien og fører den attende til deltakarane. KIKS arbeider kvar dag for å sikre deltakarane sine verdiar på ein langsiktig og god måte, gjennom dei grunnleggande verdiane i selskapet:

- Truverde – at all verksemd i KIKS skal vere basert på samfunnsmessige vurderingar
- Kvalitet – at alle gjeremål skal kvalitetssikrast og kontinuerleg arbeid med kvalitetsutvikling
- Tryggleik – at ein skal legge til grunn ein langsiktig tankegong i alle sine gjeremål

OPPFØLGING AV STRATEGIPLAN

Strategiplan og grunnleggande etiske prinsipp blei vedtatt desember 2017. KIKS sitt overordna mål er å vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane. I tillegg har ein i strategiplanen definert totalt åtte delmål som saman skal oppfylle det overordna målet om å vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane.

KIKS skal som eit av delmåla trygge konsesjonskraftordninga som kommunal og fylkeskommunal rett. Dette gjer vi mellom anna gjennom informasjon til kommune og fylkesting. I tillegg arrangerer KIKS kvar vår eit seminar for deltakarane.

Det er høg kompetanse på fleire fagfelt som er relevant for arbeidet i KIKS, men det er komplekst og nærmast umuleg å ha full oversikt over alle område av konsesjonskraftordninga. Det gjer at vi jamleg gjer bruk av eksterne samarbeidspartnarar som mellom anna hydrolog og advokat. Dette er med på å oppfylle eit anna delmål i strategiplanen, nemleg at KIKS skal trygge verdien av konsesjonskraftordninga.

Eit av delmåla seier at vi skal ha fokus på læring og kunnskap i alle ledd, både politisk, administrativt og i skuleverket. Politkarane i styret får kompetanseheving i styremøta, representantskapet og porteføljautvalet det same. I tillegg til dette, er tidlegare nemnde seminar eit viktig tiltak for å sette konsesjonskraft på dagsorden i kommunane og fylkeskommunane. Vel så viktige som deltakarane, er skuleverket. Vi har gjennom fleire år nå hatt eit undervisningsopplegg i ungdomsskulen. I 2019 besøkte vi tre skular, og for fleire av skulane vi besøkte i 2018 har vi avtalt å kome annakvart år og halde opplegg for to trinn kvar gong. Også bachelorstudentar på Universitetet i Agder får kjennskap

til KIKS gjennom si skriving av avsluttande bacheloroppgåver med problemstillingar relevante for KIKS.

For KIKS er det viktig at ein samarbeider om millionane, ikkje slåst om kronene. At kommunar og fylkeskommunar kan samarbeide gjennom KIKS, visar dette. Men også vårt ønskje om å samarbeide med andre interesseorganisasjonar og offentlege etatar, visar vårt framhaldande arbeid om å jobbe for heile konsesjonskraftordninga som heilskap, og ikkje berre for egne deltakarar.

KONSESJONSKRAFTVOLUM

Konsesjonskraft IKS tek ut kraft frå 13 konsesjonærar, i totalt 10 vassdrag. Totalt er det tale om 50 kraftverk, og heile 883,9 GWh. Vår konsesjonskraftmengde tilsvarar straum til litt over 50 000 husstandar, eller tilnærma alle husstandar i gamle Aust-Agder fylke.

Vårt største kraftverk er Tonstad kraftverk på totalt 125,9 GWh konsesjonskraft. Kraftverket ligg i Sira-Kvina-vassdraget, som samla sett er det nest største vassdraget i porteføljen til KIKS. Det største er Otra-vassdraget, som med sine 12 kraftverk til saman gir 296,8 GWh med konsesjonskraft til KIKS. Dersom ein reknar ei nettoinntekt på ca. 13 øre/KWh, så utgjør Otra-vassdraget i underkant av 40 millionar i inntekter til deltakarane i KIKS, eller ca. 35 % av totalinntektene.

Konsesjonskraft IKS er opptatt av å ta vare på også dei små verdiane. Vasskrafta er evigvarande, så sjølv små volum gir sikre inntekter til kommunane for all framtid. Derfor har vi også fleire små kraftverk i porteføljen. Det minste er Skripelandsfossen på berre 0,175 GWh, og vil utgjere ca. kr 25 000,- nettoinntekt for deltakarane.

Valle kommune er den kommunen med flest kraftverk som KIKS tek ut konsesjonskraft frå. Heile 24 kraftverk finn vi her. Totalt sett er det fire kommunar som ikkje har kraftverk innanfor kommunegrensene, Arendal, Lyngdal, Hægebostad og Kristiansand. Desse kommunane får likevel konsesjonskraft fordi dei anten har magasin eller fall i kommunen som blir brukt i kraftproduksjon som gir konsesjonskraft til KIKS.

For KIKS sin del er det viktig å få all kraft på nett til rett tid og til rett pris. Fordi bestillingsfristen er eitt år, melder vi uttak av konsesjonskraft også før kraftverket produserer straum. Då er vi sikra at vi får alle verdiane kommunane har krav på, frå fyrste dag.

Enkelte forhold er uavklarte, eller vi er ueinige med kraftverket om konsesjonskraftvolumet eller prisen. Då jobbar vi systematisk for å få lukka slike avvik.

SYSTEM FOR FINANSIELT OG FYSISK OPPGJER

I andre halvdel av 2018 tok forvaltaren vår Entelios (tidlegare Los Energy) over Danske Bank sin funksjon for den finansielle handelen, inkludert valutahandelen. 2019 var altså det fyrste heile året med denne løysinga frå Entelios, og vi vil sei oss veldig nøgd med korleis dette fungerer. Oppgjeret for den fysiske handelen blei også lagt under Entelios. Dette medfører at KIKS ikkje lenger er medlem på NordPool, men handlar all fysisk kraft gjennom Entelios.

DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADAR

I 2019 selde KIKS totalt 883,9 GWh konsesjonskraft. Av dette blei 882,9 GWh omsett fysisk på NordPool Spot, og 1 GWh blei levert som finansiell leveringsavtale basert på NordPool spotprisar.

Driftsinntektene svarar seg frå sal av kraft i marknaden. Gjennomsnitteleg spotpris for 2019 vart 38,4 øre/kWh, ein nokså høg pris historisk sett, men litt under 2018 då spotprisen vart 41,6 øre/kWh. KIKS sin risikostrategi pålegg at store delar av krafta for 2019 blir sikra i perioden 2016-2018, då prisane var lågare. KIKS oppnådde då ein brutto inntekt på 28,9 øre/kWh, som gjev ei driftsinntekt på kr 255 384 577.

Salspris i øre/kWh					
År	2015	2016	2017	2018	2019
Oppnådd pris	29,9	27,7	26,8	25,4	28,9
Spotpris	21,0	26,9	27,2	41,6	38,4

Kjøpskostnaden er i det store og heile jamn. Kjøpspris består av sjølvkost, anten individuell eller såkalla OED-pris, sentralnettskostnader og nettap. KIKS har arbeidd mye med kvalitetssikring av kjøpsprisen, sjå elles note 2.

Kjøpspris i øre/kWh					
År	2015	2016	2017	2018	2019
Snitt kjøpspris	11,7	11,5	11,8	11,3	11,5

Som tabellen visar, har vi dei siste åra hatt stort fokus på driftskostnadane. Utvidinga av selskapet til også å inkludere deltakarane frå Vest-Agder i 2014 kosta pengar, men vi er nå nede på eit lågare nivå på driftskostnader enn før Vest-Agder kom med. Dei stordriftsfordelane ein trudde ville kome, har nå slått inn for fullt.

Driftskostnadar KIKS					
År	2015	2016	2017	2018	2019
Driftskostnadar i Kr	8 056 000	7 744 033	6 844 721	7 909 208	6 723 851
Volum i GWh	859,6	860,9	862,3	870,8	883,9
Driftskostnad i øre/kWh	0,94	0,90	0,79	0,91	0,76

Samla driftskostnadar i 2019 er på kr 6 723 851, som er kr 1 185 357 lågare enn 2018, som var eit år med ekstraordinære kostnadar grunna Danske bank som la ned GCM. Det er ikkje eit mål i seg sjølv å ha lågast mogleg driftskostnadar, men administrasjonen arbeider dagleg for at resultat og tenester skal leverast med best mogleg ressursbruk.

FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER

Avkastninga på reservekapitalen utgjer kr 7 954 402 (5 % p.a.) mot kr 682 183 (-0,5%p.a.) for 2018. 2019 var eit godt år i finansmarknaden og spesielt aksjar hadde høgare avkastning enn normalt.

Netto finans i 2019 var kr 9 213 789.

RESULTAT OG RESERVEKAPITAL

Resultat før overførte konsesjonskraftinntekter i 2019 er på kr 156 042 974 mot kr 113 940 899 i 2018.

For å kunne ta høgde for uventa kostnader og hendingar, har deltakarane vedtatt at ein skal ha ein reservekapital i selskapet. Denne skal fyrst og fremst brukast til å dekke særskilte kostnader og eventuelle avvikssoppgjær, men også til å jamne ut inntektene slik at deltakarane får påreknelege inntekter dei kan budsjettere med.

Avsett reservekapital etter årsoppgjersdisposisjonar er kr 159 646 953, etter overføring av udisponert resultat kr 1 888 974. Det blei budsjettert med ein reduksjon av reservekapital, men høge spotprisar samtidig som KIKS var undersikra i høve risikostrategien ga høgare resultat enn budsjett. Det budsjetterast med ein reduksjon i reservekapital i 2020 og 2021, men dette er svært avhengig av utviklinga på kraftprisar.

Utbetalinger/avsettingar reservekapital i øre/kWh					
År	2015	2016	2017	2018	2019
Utbetalt deltakarane	15	13	11	12	17
Avsett reservekapital	2,6	2,6	2,9	1,2	0,4
til saman	17,50	15,60	13,61	13,14	17,87

RISIKO

Selskapet har fokus på risiko kvar dag, og har kodifisert dette gjennom fyrste delmål i strategiplanen der det heiter at KIKS skal «ha den administrative og operative risikoen under kontroll til ei kvar tid, både kortsiktig og langsiktig risiko».

Det er særleg knytt til kraftforvaltning at fokuset på risiko kjem til uttrykk. Fordi kraft- og valutamarknaden svingar, og kan gi store variasjonar i inntekter, har selskapet ein risikostrategi ved handel av kraft. Målet med risikostrategien er å sikre deltakarkommunane og –fylkeskommunane påreklelege og stabile inntekter ved å sikre konsesjonskrafta, ikkje berre selje den på spot.

Risikostrategien blei revidert hausten 2018. Sikringsgraden blei då endra frå 95 % til 85 %, då studiar har vist at dette gir jamnare resultat over tid. Sikringa startar 1.januar 3 år før leveringsåret, og det sikrast jamt fram til 31. desember før leveringsåret. Risikostrategien opnar for at ein kan avvike frå strategien dersom kraftprognosane talar for det.

KIKS kjøper kontrollertjenester utanfrå eigen organisasjon, og controller skal utelukkande kontrollere og rapportere på krafthandel. Controller skal både tene som kvalitetssikring av krafthandelen, men også redusere den samla administrative risikoen.

Områderisikoen, altså forskjellar i pris på kraft i Sør-Noreg og heile Norden, vert normalt ikkje sikra. Dette er fordi det har vore vanskeleg og dyrt å få gjennomført, då det ikkje har vore tilgjengeleg på Nasdaq. I desember 2019 fekk vi tilbod frå forvaltaren vår om å sikre deler av områderisikoen vår, og vi valde å sikre ca 20% av områderisikoen for år 2020. Dette er fyrste gong KIKS gjer ei slik sikring, og vi vil bruke det som ein test og evaluere i løpet av 2020 om dette er noko vi vil gjere meir av.

I tillegg til den finansielle risikoen, blir det kontinuerleg arbeid med å ha oversikt og kontroll på administrativ risiko, og det er blant anna utarbeidd ein administrativ beredskapsplan. Vi har avtale med Setesdal IKT om leveranse av IT-tjenester.

Konsesjonskraftprisen er viktig for våre deltakarar. I KIKS vil ein alltid ha fokus på å sikre deltakarane forutsigbarheit i forhold til inntekter. Dette gjeld også på kostnadssida, og her finn vi prisrisiko. I konsesjonar gitt før april 1959 er konsesjonskraftprisen berekna etter ein individuell sjølvkostpris. I konsesjonar gitt etter 1959 er konsesjonskraftprisen berekna ut frå ein gjennomsnittleg sjølvkost, nemleg OED-prisen. I Sira-Kvina vert det nytta ein eigen sjølvkost for kraftverka i Sira-Kvina vassdraget, som blei ståande etter dom i høgsterett av 1993. Det er viktig for KIKS å være oppdatert

på risiko innanfor pris. I dette tilfellet er det ein risiko i at konsesjonskrafta frå Sira-Kvina kraftverka ikkje vert levera til individuell sjølvkost, men at prisen kan bli OED-pris. Her er det ein differanse på 3,31 øre per kWh på volumet 250, 32 GWh, noko som kan utgjere ein meirkostnad for KIKS på kr. 8 286 000. KIKS vurderer kontinuerlig risiko, og difor er det ikkje tatt særskilt avsetning i reknskapet for denne risikoen.

EIGARDEL OG ANSVARSDEL

Selskapsavtalen frå 2014 går fram til og med 31. desember 2029. Selskapsavtalen gjennomgikk ei formell revidering i 2019 for å spegle kommune- og fylkessammenslåinga som trådde i kraft den 1.1.2020. Selskapsavtalen blei formelt vedtatt i kommunestyra i alle våre deltakarkommunar og blei til sist vedteken i Agder fylkesting den 25.02.20. Selskapsavtalen frå 2014 gjelder fram til Brønnøysundregistra registrerer den nye avtalen av 2019. Det er sett i gong eit arbeid med ein større revisjon i 2020.

Eigardelen er fastsett i selskapsavtalen § 12, basert på vurdert konsesjonskraftvolum per august 2014. Revisjon av eigardelen skal etter selskapsavtalen skje etter avlagt rekneskap for 2018. På grunn av kommune- og fylkestingssamanslåingar er dette utsett til etter 2019, jf. vedtak i representantskapet i sak 11/18.

I representantskapet har kvar deltakar 1 stemme per GWh konsesjonskraft per 1. januar i vedkomande år.

ARBEIDSMILJØ OG YTRE MILJØ

KIKS har per 31. desember 2019 tre fast tilsette i til saman 3 årsverk, ei kvinne og to menn. I tillegg til desse tre, har selskapet ein rådgjevar på pensjonistvilkår med avlønning per time, tilsvarande ca. 50 % stilling.

Sjuekefråveret i 2019 var på omlag 0,56 %.

Selskapet følgjer likestillingslova og diskrimineringslova om seksuell orientering. Det har ikkje vore skader eller arbeidsulykker. Selskapet ureinar ikkje det ytre miljøet.

CONTROLLER

Controllerfunksjonen er ein viktig del av den interne kontrollen samtidig som den bidreg til å tryggje kvaliteten gjennom å avdekke og lukke mulege avvik.

Det er inngått ei avtale med Valle kommune om kontrollertjenesten og Laila Rysstad, tilsett ved økonomiavdelinga i Valle kommune, har hatt controllerfunksjonen i 2019.

Controller rapporterer til dagleg leiar og styret kvart halvår. Sjølv om controller normalt rapporterer til dagleg leiar, er dette ein uavhengig funksjon som har høve til å rapportere direkte til styret.

DAGLEG LEIAR

Glenn Qvam Håkonsen er dagleg leiar.

PORTEFØLJEUTVALET

Porteføljeutvalet er eit rådgjevande organ for dagleg leiar og styret.

Porteføljeutvalet består ved utgongen av 2019 av desse administrativt oppnemnde medlemene:

Side | 12

Inge Hedenstad Stangeland	rådmann	Sirdal kommune – leiar
Karina Sloth Grindland	kommunedirektør	Bykle kommune
Aasmund Lauvdal	rådmann	Bygland kommune
Gunnar Magne Ånonsen	fylkeskasserar	Aust-Agder fylkeskommune
Inge Hurv	seniorrådgjevar	Vest-Agder fylkeskommune
Svein Ove Nepstad	økonomisjef	Åseral kommune
Aud Sunniva Fuhr	rådmann	Valle kommune
Jens Arild Johannessen	rådmann	Kvinesdal kommune
Christina Ødegård	rådmann	Åmli kommune
Sten Albert Reisænen	rådmann	Iveland kommune
Svein Skisland	rådmann	Vennesla kommune
Bo Andre Longum	rådmann	Froland kommune

STYRE OG REPRESENTANTSKAP

Styret før 6. desember 2019:

Terje Damman	Vest-Agder fylkeskommune	leiar
Mari Mykland	Froland kommune	nestleiar
Torunn Ostad	Aust-Agder fylkeskommune	medlem
Jon-Olav Strand	Aust-Agder fylkeskommune	medlem
Jon-Rolf Næss	Bykle kommune	medlem
Svein Arne Jerstad	Kvinesdal kommune	medlem
Margrethe Handeland	Hægebostad kommune	medlem
Margit Smeland	Åmli kommune	møtande varamedlem

Styret etter 6. desember 2019:

Jon Rolf Næss	Bykle kommune	leiar
Gro Bråten	Agder fylkeskommune	nestleiar
Bjørn A. Ropstad	Agder fylkeskommune	medlem
Nils Olav Larsen	Vennesla kommune	medlem
Bjørn Gunnar Baas	Åmli kommune	medlem
Torunn Ostad	Agder fylkeskommune	medlem
Inger Lise Lund Stulien	Åseral kommune	medlem
Sigmund Oksefjell	Kvinesdal kommune	møtande varamedlem

Representantskap før 6. desember 2019:

Reidar Saga	Åmli kommune	leiar
Janne Fardal Kristoffersen	Lindesnes kommune	nestleiar
Anders Kylland	Aust-Agder fylkeskommune	medlem
Knut A. Austad	Aust-Agder fylkeskommune	medlem
Nils Harald Rennestraum	Vest-Agder fylkeskommune	medlem
Sally Vennesland	Vest-Agder fylkeskommune	medlem
Robert Cornels Nordli	Arendal kommune	medlem
Reidun Bakken	Audnedal kommune	medlem
Anders Christiansen	Birkenes kommune	medlem
Leiv Rygg	Bygland kommune	medlem
Hans Blattmann	Bykle kommune	medlem
Bjørn A. Ropstad	Evje og Hornnes kommune	medlem
Jan Sigbjørnsen	Flekkefjord kommune	medlem
Ove Gundersen	Froland kommune	medlem
Per Svenningsen	Grimstad kommune	medlem
Lars Terje Grostøl	Hægebostad kommune	medlem
Svein Hillestad	Iveland kommune	medlem
Ole Magne Omdal	Kristiansand kommune	medlem
Per Sverre Kvinlaug	Kvinesdal kommune	medlem
Helge Sandåker	Marnardal kommune	medlem
Thor Jørgen Tjørhom	Sirdal kommune	medlem
Steinar Kyrvestad	Valle kommune	medlem
Eivind Drivenes	Vennesla kommune	medlem
Olav Åsland	Åseral kommune	medlem

Side | 13

Representantskap etter 6. desember 2019:

Svein Arne Haugen	Evje og Hornnes kommune	leiar
Gyro Heia	Birkenes kommune	nestleiar
Arne Thomassen	Agder fylkeskommune	medlem
Oddbjørn Kylland (vara)	Agder fylkeskommune	medlem
Robert Cornels Nordli	Arendal kommune	medlem
Sigbjørn Fossdal	Bygland kommune	medlem
Tone Lise Avdal	Bykle kommune	medlem
Jan Sigbjørnsen	Flekkefjord kommune	medlem
Ove Gundersen	Froland kommune	medlem
Lene Langemyr	Grimstad kommune	medlem
Lars Terje Grostøl	Hægebostad kommune	medlem
Gro Anita Mykjåland	Iveland kommune	medlem
Ole Magne Omdal	Kristiansand kommune	medlem
Per Sverre Kvinlaug	Kvinesdal kommune	medlem
Even Tronstad Sagebakken	Lindesnes kommune	medlem
Jan Kristensen	Lyngdal kommune	medlem
Jonny Liland	Sirdal kommune	medlem
Steinar Kyrvestad	Valle kommune	medlem
Eivind Drivenes (vara)	Vennesla kommune	medlem
Rakel Birkeli Søraker	Åmli kommune	medlem
Oddmund Ljosland	Åseral kommune	medlem

Møteverksemd i 2019:

Styret	8 møte
Representantskapet	2 møte
Porteføljeutvalet	2 møte

I tillegg blei det halde seminar for representantskap, styret, porteføljeutvalet og tilsette i kommunane på Lindesnes hotell.

Side | 14

Styret meiner at selskapet er på veg mot den overordna målsettinga:

Vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane

Stad, dato

Jon Rolf Næss
styreleiar

Gro Bråten
nestleiar

Bjørn A. Ropstad
styremedlem

Nils Olav Larsen
styremedlem

Bjørn Gunnar Baas
Styremedlem

Torunn Ostad
Styremedlem

Inger Lise L. Stulien
styremedlem

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Resultatrekneskap for perioden 1.1.19-31.12.19

Konsesjonskraft IKS

Resultatregnskap for perioden 01.01.2019 - 31.12.2019

Side | 15

	Note	Regnskap 2019	Budsjett 2019	Regnskap 2018
Driftsinntekter og driftskostnader				
Konsesjonskraftinntekter	1	255 384 297	234 833 170	221 050 895
Annen driftsrelatert inntekt	1	280	-	70
Sum driftsinntekter		255 384 577	234 833 170	221 050 965
Driftskostnader				
Kjøp av konsesjonskraft	2	101 831 872	105 373 201	98 732 015
Lønn inkl. sosiale utgifter	4	3 371 567	3 699 816	3 278 678
Avskrivninger	5	84 988	106 800	58 176
Eksterne honorarer		2 366 908	2 906 001	3 584 135
Div. merkantile og administrative kostnader		900 057	1 013 670	988 219
Sum driftskostnader		108 555 392	113 099 488	106 641 222
Driftsresultat		146 829 185	121 733 682	114 409 742
Finansinntekter og -kostnader				
Finansinntekter	6	9 691 457	3 800 001	1 677 201
Finanskostnader	6	477 668	-	2 146 044
Resultat av finansposter		9 213 788	3 800 001	(468 843)
Resultat for overførte konsesjonskraftinntekter	9	156 042 974	125 533 683	113 940 899
Overførte konsesjonskraftinntekter	9	154 154 000	154 154 000	103 854 000
Resultat		1 888 974	(28 620 317)	10 086 899
Overføringer				
Overføringer til driftsfond og reservekapital	9	1 888 974	(28 620 317)	10 086 899
Sum overføringer		1 888 974	(28 620 317)	10 086 899

Balanse per 31.12.2019

EIENDELER	Note	2019	2018
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Driftsløsøre og inventar	4	333 422	418 411
Sum varige driftsmidler		333 422	418 411
Sum anleggsmidler		333 422	418 411
OMLØPSMIDLER			
Kortsiktige fordringer		39 368 643	37 677 734
Finansplassering	5	144 272 237	136 680 294
Bankinnskudd og kontanter	5	89 676 448	20 580 606
SUM OMLØPSMIDLER		273 317 328	194 938 634
SUM EIENDELER		273 650 750	195 357 045
RESERVEKAPITAL OG GJELD			
RESERVEKAPITAL			
Driftsfond og reservekapital	10	159 646 954	157 757 980
Udisponert resultat		0	0
SUM RESERVEKAPITAL		159 646 954	157 757 981
GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		13 756 959	14 563 060
Skyldige offentlige avgifter		15 303 003	12 216 732
Annen kortsiktig gjeld	11	84 943 834	10 819 273
SUM KORTSIKTIG GJELD		114 003 796	37 599 065
SUM GJELD		114 003 796	37 599 065
SUM RESERVEKAPITAL OG GJELD		273 650 750	195 357 045
udisponert resultat fra 2018		-0,16	-0,49

Side | 16

Stad, dato.

Jon Rolf Næss
styreleiar

Gro Bråten
nestleiar

Bjørn A. Ropstad
styremedlem

Nils Olav Larsen
styremedlem

Bjørn Gunnar Baas
Styremedlem

Torunn Ostad
Styremedlem

Inger Lise L. Stulien
styremedlem

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Kontantstrømsanalyse

	2019	2018
Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter		
Årets resultat	156 042 974	113 940 899
Ordinære avskrivninger	84 988	58 176
Verdiendring finansielle omløpsmidler	-7 591 943	1 084 940
Endring i fordringer	-1 690 909	-36 964 597
Endring i leverandørgjeld	-806 101	1 240 374
Endring i andre tidsavgrensingsposter	77 210 832	1 523 111
Korrigerings av gjeld til ekst.kommuner Sira-Kvina	0	-
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	<u>223 249 841</u>	<u>80 882 902</u>
Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter		
Investeringer i driftsløsøre og inventar	0	-414 879
Investeringer i finansielle omløpsmidler	0	-20 000 000
Salg av finansielle omløpsmidler	0	-
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	<u>0</u>	<u>-20 414 879</u>
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter		
Opptak av langsiktig gjeld	0	-
Nedbetaling av langsiktig gjeld og kassekreditt	0	-
Utbetalt til deltakerkommuner	-154 153 999	-103 854 000
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	<u>-154 153 999</u>	<u>-103 854 000</u>
Sum endring i likvide midler	<u>69 095 842</u>	<u>-43 385 977</u>
Beholding av kontanter ved periodens begynnelse	<u>20 580 606</u>	<u>63 966 583</u>
Beh. av kontanter ved periodens slutt	<u>89 676 448</u>	<u>20 580 606</u>

Noter til rekneskapet for perioden 1.1.2019-31.12.2019

REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk, herunder norske regnskapsstandarder.

BRUK AV ESTIMATER

Utarbeidelse av regnskaper i samsvar med regnskapsloven krever bruk av estimater. Videre krever anvendelse av selskapets regnskapsprinsipper at ledelsen må utøve skjønn. Områder som i stor grad inneholder slike skjønnsmessige vurderinger, høy grad av kompleksitet, eller områder hvor forutsetninger og estimater er vesentlige for årsregnskapet, er beskrevet i notene.

SALGSINNTEKTER

Salgsinntekter inntektsføres i takt med uttak av konsesjonskraft. Tjenester inntektsføres i takt med utførelsen.

SIKRINGSVURDERING

Selskapet bruker ulike finansielle instrumenter til å styre sin risikoeksponering. Når disse har tilstrekkelig korrelasjon med den posten som ønskes sikret, regnes instrumentene som sikringsinstrumenter. Med tilstrekkelig korrelasjon menes det her at instrumentene i høy grad oppveier de regnskapsmessige effektene av den posisjonen som sikres.

I de tilfeller der de inngåtte avtalene blir regnskapsmessig behandlet som sikringsinstrumenter, blir inntektene og kostnadene periodisert og klassifisert på samme måte som underliggende posisjoner.

Inntekter fra salg av konsesjonskraft er sikret gjennom terminkontrakter på systempris og valuta. Forskjellen mellom systempris og områdepris er ikke sikret. Det foreligger da risiko for prisendringer knyttet til områdepris.

KLASSIFISERING AV BALANSEPOSTER

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk klassifiseres som anleggsmidler. Eiendeler som er tilknyttet varekretsløpet klassifiseres som omløpsmidler. Fordringer for øvrig klassifiseres som omløpsmidler hvis de skal tilbakebetales innen ett år. For gjeld legges analoge kriterier til grunn. Første års avdrag på langsiktige fordringer og langsiktig gjeld klassifiseres likevel ikke som omløpsmiddel og kortsiktig gjeld.

ANSKAFFELSESKOST

Anskaffelseskost for eiendeler omfatter kjøpesummen for eiendelen, med fradrag for bonuser, rabatter og lignende, og med tillegg for kjøpsutgifter (frakt, toll, offentlige avgifter som ikke refunderes og eventuelle andre direkte kjøpsutgifter). Ved kjøp i utenlandsk valuta balanseføres eiendelen til kursen på transaksjonstidspunktet, men til terminkursen ved bruk av terminkontrakt.

FORDRINGER

Kundefordringer føres opp i balansen etter fradrag for avsetning til forventede tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuell vurdering av fordringene og en tilleggsavsetning som skal dekke øvrige påregnelige tap. Vesentlige økonomiske problemer hos kunden, sannsynligheten for at kunden vil gå

konkurs eller gjennomgå økonomisk restrukturering, og utsettelse og mangler ved betalinger anses som indikatorer på at kundefordringer må nedskrives.

Andre fordringer, både omløpsfordringer og anleggsfordringer, føres opp til det laveste av pålydende og virkelig verdi. Virkelig verdi er nåverdien av forventede framtidige innbetalinger. Det foretas likevel ikke neddiskontering når effekten av neddiskontering er uvesentlig for regnskapet. Avsetning til tap vurderes på samme måte som for kundefordringer.

UTENLANDSK VALUTA

Fordringer og gjeld i utenlandsk valuta vurderes etter kursen ved regnskapsårets slutt.

GJELD

Gjeld, med unntak for enkelte avsetninger for forpliktelser, balanseføres til nominelt gjeldsbeløp.

PENSJONER

Selskapet har pensjonsordninger. Pensjonsordningene er finansiert gjennom innbetalinger til forsikringsselskap eller annen finansinstitusjon. Selskapet har kun innskuddsplaner.

INNSKUDDSPLANER

Ved innskuddsplaner betaler selskapet innskudd til et forsikringsselskap eller finansinstitusjon. Selskapet har ingen ytterligere betalingsforpliktelse etter at innskuddene er betalt. Innskuddene regnskapsføres som lønnskostnad. Eventuelle forskuddsbetalte innskudd balanseføres som eiendel (pensjonsmidler) i den grad innskuddet kan refunderes eller redusere framtidige innbetalinger.

SKATT

Selskapet er ikke skattepliktig.

KONTANTSTRØMOPPSTILLING

Kontantstrømoppstillingen utarbeides etter den indirekte metoden. Kontanter og kontantekvivalenter omfatter kontanter, bankinnskudd og andre kortsiktige likvide plasseringer, som umiddelbart og med uvesentlig kursrisiko kan konverteres til kjente kontantbeløp og med gjenværende løpetid mindre enn tre måneder fra anskaffelsesdato.

NOTE 1 – DRIFTSINNETEKTER

	2019	2018
Nordpool Spot	349 489 607	364 469 553
Nordpool Spot - områderisiko	3 413 668	-6 021 000
Nordpool Spot - gevinst brukstid	5 780 677	8 306 000
Gevinst/tap - prissikring	-103 843 569	-139 580 943
Gevinst/tap sikringshandel kraft futures	-	776 470
Gevinst/tap sikringshandel valuta	-	-7 265 042
Avregning av regulerkraftbalanse	-	-2 515
Finansiell avtale Hisvatn Kraftlag AS	116 222	120 295
Finansiell avtale Oftedal	239 681	248 076
Finansiell avtale Skripelandsfossen	188 010	-
Sum Konesjonskraftinntekter	255 384 297	221 050 894
Andre driftsrelaterte inntekter	280	70
Sum Annen driftsrelatert inntekt	280	70
Sum Driftsinntekter	255 384 577	221 050 964

Side | 20

NOTE 2 - KJØP AV KONSESJONSKRAFT OG EVENTUELLE UAVKLARTE FORHOLD

Kostnader for kjøp av konsesjonskraft utgjør for 2019 kr 99 957 824.

Konsesjonskraft IKS tek ut kraft frå 13 konsesjonærar, i totalt 10 vassdrag. Vi jobbar heile tida med å ta ut rett mengde konsesjonskraft til rett tid og til rett pris.

Prisrisiko i Otravassdraget, Tovdalsvassdraget og Arendalsvassdraget

All konsesjonskraft i Otravassdraget, Tovdalsvassdraget og Arendalsvassdraget blir levert til OED-pris, sjølv om noko av denne krafta er levert med heimel i konsesjonar før 1959. Denne prisrisikoen har vi kontroll på og prissikringane våre er tilpassa dette.

Otravassdraget – Skarg kraftverk

Ved utbygging av Skarg kraftverk, meiner KIKS det skal leverast konsesjonskraft både av alt overført vatn og vatn frå det uregulerte lokalfeltet, jf. 1974-konsesjonen. Dette er Otra Kraft ueinig i. Det er tatt atterhald i uttakskontrakten.

Ulla-Førre – Kristiansand

KIKS har bede NVE rette feilen i utrekninga i vedtaket som har ført til at Kristiansand kommune berre får konsesjonskraft frå Saurdal kraftverk, men ikkje frå Kvilldal og Hylene kraftverk. Det dreier seg om eit mindre konsesjonskraftvolum. Feilen er ennå ikkje retta, og NVE har i statusmøte januar 2016 uttalt at dette vil bli retta ved OED si behandling av klagesaka på utrekning og fordeling av konsesjonskraft frå Kvilldal og Hylene kraftverk.

Sira-Kvina - kraftgrunnlag og konsesjonskraftfordeling

Olje- og energidepartementet fatta vedtak i klagesaka om kraftgrunnlag og fordeling av konsesjonskraft og konsesjonsavgifter i Sira-Kvina vassdraga 29. august 2018. Vedtaket er endeleg.

Det var likevel uventa at vedtaket fekk tilbakeverkande kraft heilt tilbake til 2000. Dette førte til eit stort etteroppgjer. Det er usemje mellom partane om dette etteroppgjeret. Parter i saka er Sira Kvina kraftselskap, Konsesjonskraft IKS, Kvinesdal kommune, Vest-Agder fylkeskommune i tillegg til Rogaland fylkeskommune og dei aktuelle kommunane i Rogaland. KIKS har avsett i rekneskapet for negative avviksoppgjer for Kvinesdal kommune og Vest-Agder fylkeskommune for perioden 2015-2018.

Sira Kvina har med atterhald innbetalt kr. 70 446 476 til Konsesjonskraft IKS i 2019. Saka står for Dalane tingrett som har innkalla partane til rettsmekling i april 2020. Dersom partane ikkje vert samde gjennom rettsmeklinga vil det bli ordinær domstolsbehandling.

Det er ikkje usemje om konsesjonskraftfordelinga frametter.

Mandalsvassdraget

Sidan 2015 har KIKS og Agder Energi Vannkraft AS (AEVK) vore ueinige om kva for pris ein del av volumet knytt til vilkårsreviderte konsesjonar frå Skjerka og Håverstad kraftverk skal leverast til. Bakgrunnen er at AEVK ikkje aksepterer vilkåra i konsesjonane av desember 2013 eller februar 2017, der det fylgjer at konsesjonskraft frå fleire konsesjonar gitt før 1959 nå skal leverast til OED-pris. AEVK aksepterer heller ikkje stadfestinga til Olje- og energidepartementet av mars 2015 om at konsesjonsvilkåret er lovheimla. AEVK stevna departementet for retten i slutten av februar 2018.

Rettsaka gjekk i Oslo tingrett i 22. og 23. november 2018, og dommen fall 3. desember. Dommen gir OED rett på alle punkt. AEVK har derimot anka saka, og ankesaka vil gå i Borgarting lagmannsrett i løpet av 2020.

Utbygginga har skjedd gradvis, og volumet har derfor gradvis blitt større. Per 2019 er det tale om 56 453 MWh/år. KIKS estimerar at meirkostnaden vert fordela med ca. 85 % til Vest-Agder fylkeskommune og ca. 15 % til Åseral kommune.

Side | 22

Samla avvik Mandalsvassdraget 2015-2019			
År	Volum i MWh	Forskjell i kroner - sjølvkost/OED-pris	
2015	15603	kr	529 692,00
2016	29322	kr	767 054,00
2017	29544	kr	1 426 837,00
2018	56453	kr	3 503 043,00
2019	56453	kr	3 865 707,00
	187375	kr	10 092 333,00

KIKS og AEVK underteikna i 2018 ein avtale om utsett forelding, gjeldande frå 1. juni 2018. Det betyr at all kraft levert før 1. juni 2015 er forelda og ikkje lenger er ein del av det omtvista volumet. Volumet for 2015 i tabellen over er justert for dette.

AEVK fakturerer KIKS for differansen mellom OED-pris og individuell sjølvkost på krafta. Partane er einige om at differansefakturaane ikkje skal betalast inntil vidare.

Selskapet vurderer kravet frå AEVK som så tvilsamt at fakturabeløpa på til saman kr 10 092 333 ikkje er blitt bokført i rekneskapet.

NOTE 3 – A-KONTO UTTAK AV KONSESJONSKRAFT

Kontraktspart	Kraftverk	Volum i MWh	Verknadsdato
Sira Kvina kraftselskap DA	Tonstad og Åna Sira	2 157	1/1 2014
Småkraft AS	Oftedal I og II	590	15/5 2016
Agder Energi Vannkraft AS	Skjerka, Håverstad, Bjelland og Laudal	9 520	1/12 2017
Agder Energi Vannkraft AS	Hekni	159	1/4 2015
Agder Energi Vannkraft AS	Nomeland, Iveland, Steinsfoss og Hunsfoss	930	1/2 2016
Otra Kraft DA	Skarg	918	1/4 2015
Otra Kraft DA	Brokke	1 852	1/4 2015
Hydro Vigeland AS	Vigeland	128	1/2 2016
Risdal Energi AS	Vassfossen	2 075	1/5 2008
Totalt		18 329	

Side | 23

Retten til konsesjonskraft kjem den dagen vatnet tas i bruk. Det tek fleire år før NVE kjem med endeleg berekning av konsesjonskraftvolumet men KIKS sørgjer for at deltakarane får ut verdien av konsesjonskrafta ved å melde uttak eit år før vatnet tas i bruk og inngår akontoavtaler med konsesjonærane.

NOTE 4 – TILSETTE, LØNN, GODTGJERINGAR M.V.

Spesifikasjon av lønnskostnader:

	2019	2018
Lønningar	2 536 018	2 528 714
Godtgjering til styret/representantskap	185 592	147 500
Arbeidsgjevaravgift	323 836	314 470
Personalforsikringar og pensjon	238 894	218 364
Andre personalkostnader	65 876	69 630
Totale lønnskostnader	3 350 216	3 278 678

Det er i 2019 utbetalt kr 1 063 247 i lønn og godtgjeringar til dagleg leiar.

Selskapet har ved årsskiftet tre fast tilsette personer. Gjennomsnittleg tal på årsverk utgjer 3,3 i 2019.

<i>Eksterne honorar (hovudpostar)</i>		
	2019	2018
Revisjonshonorar	154 857	146 878
Regnskapshonorar	188 507	205 979
Controller	227 500	227 433
Honorar juridisk bistand	527 464	509 886
Krafthandel	1 043 056	2 442 558

Honorar til revisor utgjorde i 2019 kr 154 857, der ordinær revisjon utgjorde kr 90 000 og honorar i samband med tertialregnskap og annan bistand utgjorde kr 64 857.

Kostnadar krafthandel inkluderer ulike gebyr, og talet i 2018 inkluderte flytting av kontraktar frå Danske bank GCM. Nivået i 2019 er normalt nivå.

Pensjonsordning oppfyller krava til tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Div merkantile og adm kostnader (hovudpostar)		
	2019	2018
Kostnader lokaler	110 343	110 343
Avskrivninger transportmidler	79 231	51 766
Leasing bil	-	62 509
Programvare	267 568	264 231
Seminar/møter	148 190	228 397
Kostnad og godtgjørelse for reiser	131 568	145 207

Side | 24

KIKS kjøpte elbil i 2018 og har no berre avskrivningar, ingen leasingkostnader til bil.

NOTE 5 – DRIFTSMIDDEL

	Kunst	Inventar	Bil	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01	46 475	214 454	395 100	656 029
+ Tilgang	-	-	-	-
- Avgang	-	-	-	-
Anskaffelseskost pr. 31.12	46 475	214 454	395 100	656 029
Akk. av- og nedskrivninger pr. 01.01	-	185 852	51 766	237 618
+ Ordinære avskrivninger	-	5 757	79 231	84 988
- Tilbakeførte avskrivninger	-	-	-	-
+ Ekstraord. Nedskrivninger	-	-	-	-
Akk. av- og nedskrivninger pr. 31.12	-	191 609	130 997	322 606
Balansført verdi pr. 31.12	46 475	22 845	264 103	333 423

Avskrivningssats 20 % - 33 %

NOTE 6 – FINANSPLASSERINGAR

Selskapet har i løpet av året investert i ulike verdipapir gjennom Formuesforvaltning AS.

Fordeling pr. 31.12.	Bokført verdi	Kurs-verdi	Kjøpe-sum
Pengemarked Norge/Bank	41 802 074	41 802 074	40 605 625
Obligasjoner Norge	63 986 092	63 986 092	61 004 183
Obligasjoner utland	14 353 338	14 353 338	13 149 159
Hedgefond	5 105 176	5 105 176	4 162 594
Aksjer Norge / Norden	3 212 452	3 212 452	2 587 034
Aksjer utland	15 813 104	15 813 104	11 526 024
Sum finansielle aktiva	144 272 236	144 272 236	133 034 619

Side | 25

Aksje- og obligasjonsfond er oppført til marknadsværdi. Urealisert netto vinst på kr 7 591 943 for 2019 inngår i finansinntekter.

Avkastning på reservekapital plassert i Danske Bank, utgjør kr 362 459.

NOTE 7 – BETALINGSMIDDEL

Av bankinnskott er kr 184 716 bunde beløp til skattetrekk for tilsette og styret.

Tilsvarande beløp i fjor utgjorde kr 199 641.

Side | 26

NOTE 8 – ENDRING I ARBEIDSKAPITALEN

Endring i arbeidskapital

Arbeidskapital pr. 31.12.2018	157 339 569
Årets resultat	156 042 974
+ Avskrivningar	84 988
- Investering i anleggsmidler	-
- Utbetalt til deltakerkommunar	-154 153 999
Endring i arbeidskapital	1 973 963
Arbeidskapital pr. 31.12.2019	159 313 532

Endring i arbeidskapital i balansen

	Pr. 31.12.19	Pr. 31.12.18	Endring
Omløpsmidlar	273 317 328	194 938 634	78 378 694
Kortsiktig gjeld	114 003 796	37 599 065	76 404 731
Arbeidskapital	159 313 532	157 339 569	1 973 963

NOTE 9 – RESERVEKAPITAL, OVERFØRINGAR OG FORDELINGAR

	Deltakar- ansvar i selskaps- avtale	Reservekapital pr. 31.12.18	Tilført frå årets resultat	Utbetalt til deltakarar	Reservekapital pr. 31.12.19
Aust-Agder fylkeskommune	38,33 %	62 161 022	60 764 609	63 601 000	59 324 631
Vest-Agder fylkeskommune	19,24 %	21 595 742	26 268 864	19 808 000	28 056 606
Arendal kommune	1,02 %	1 621 183	1 561 164	1 505 000	1 677 347
Audnedal kommune	0,31 %	285 314	522 628	448 000	359 942
Birkenes kommune	0,36 %	681 735	586 050	578 000	689 785
Bygland kommune	3,30 %	5 936 109	5 213 619	5 463 000	5 686 728
Bykle kommune	10,85 %	19 314 568	16 782 736	19 570 000	16 527 304
Evje og Hornnes kommune	0,39 %	652 907	610 212	610 000	653 119
Flekkefjord kommune	1,31 %	1 610 248	2 254 040	2 403 000	1 461 288
Froland kommune	2,40 %	3 927 851	3 637 317	3 683 000	3 882 168
Grimstad kommune	0,83 %	1 282 485	1 258 969	1 215 000	1 326 454
Hægebostad kommune	0,03 %	19 978	36 714	32 000	24 692
Iveland kommune	1,69 %	2 711 679	2 558 221	2 595 000	2 674 900
Kristiansand kommune	0,07 %	56 494	93 297	83 000	66 791
Kvinesdal kommune	3,55 %	7 667 600	6 069 547	5 875 000	7 862 147
Lindesnes kommune	0,20 %	158 454	285 011	248 000	195 465
Marnardal kommune	1,76 %	1 556 470	2 652 870	2 242 000	1 967 340
Sirdal kommune	1,09 %	4 336 481	3 180 196	3 485 000	4 031 677
Valle kommune	4,83 %	9 581 325	7 348 515	8 789 000	8 140 840
Vennesla kommune	3,42 %	2 861 987	4 908 038	4 483 000	3 287 025
Åmli kommune	1,89 %	2 830 477	2 857 929	2 877 000	2 811 406
Åseral kommune	3,13 %	4 906 972	6 592 429	4 561 000	6 938 401
Driftsfond		2 000 898	-	-	2 000 898
Sum	100,0 %	157 757 979	156 042 974	154 154 000	159 646 953

Side | 27

*Reservekapital til VAF og Kvinesdal inneheld mogleg nedside i samband med kraftgrunnlag Sira Kvina. Rettsmekling beramma til 27.-30. april 2020.

NOTE 10 – ANNA KORTSIKTIG GJELD

Spesifikasjon av kortsiktig gjeld

	2019	2018
Aktiv forvaltning innenfor kraftmarkedet	-	-
Skyldige feriepengar	277 088	274 200
Periodiserte kostnader	1 898 644	-1 787 711
Annen kortsiktig gjeld	82 768 102	12 332 784
Sum annen kortsiktig gjeld	84 943 834	10 819 273

Av annan kortsiktig gjeld så er kr 12 232 784 frå etteroppgjer Sira Kvina og tilhøyrrer Vest-Agder Fylkeskommune, Sirdal og Kvinesdal kommunar. KIKS ventar på avklaring frå desse korleis beløpet skal fordelast.

NOTE 11 – SIKRING

Per 31.12.2019 er følgende volum sikra

	2018	2019	2020	2021	2022
Sikra volum i GWh	820	786	735	560	289
Totalvolum i GWh	871	884	884	884	885
Sikra volum i %	94 %	89 %	83 %	63 %	33 %
Urealisert tap/gevinst sikra posisjonar i NOK	-	-	-24 057 682	-21 881	74 640

Side | 28

Tap/gevinst knytta til sikra framtidige volum er ikkje balanseført i årsrekneskapet. Kongsesjonskraft IKS sikrar framtidige inntekter på kraft ved å sikre i terminmarknaden til avtalt pris. Sikra posisjonar vil ha ein meirverdi/ mindreverdi avhengig av utviklinga i terminmarknaden, men etter reglane om sikringsinstrumenter vil dette bli resultatført på leveringstidspunkt.

Konsesjonskraft IKS

Postboks 4

4747 Valle

post@konsesjonskraft.no

telefon 37 93 75 00



KONSESJONSKRAFT IKS

– vaktar rettane og tek vare på verdien